

Oversikt over tilsynssaker i Helse Vest

Helsetilsynet: Oversikt over status i tilsynssaker i perioden som er gjennomførte, eller som ikkje er avslutta

Systemrevisjonar

Namn på helseforetak	Område for tilsynet	Dato for tilsynsrapport	Har rapporten dokumentert avvik?	Frist for lukking av avvik	Status i saka	Sak avslutta dato	Eventuelle kommentarar
Helse Vest RHF	Brevtilsyn med rett til nødvendig helsehjelp innan BUP	Brev av 30.08.11	Det ligg ikkje føre rapport.		Helse Vest og Helsetilsynet har kommunisert i saka i form av brev og møte. I brev av 25. mai slår Helsetilsynet fast at det er problematisk at ei sårbar gruppe ikkje får oppfylt pasientrettane sine, og at det har vore tilfelle over lang tid (gjeld særleg tilhøva i Helse Fonna). Tilsynet ber om tilbakemelding på spørsmål stilt i brev 14. april innan 1. juli. Helse Vest har svart Helsetilsynet i brev 26.06.2012. I brev av 07.09.12 ber Helsetilsynet om å få opplyst kva som er status med omsyn til ventetider og fristbrot i barne- og ungdomspsykiatrien i kvart av helseforetaka innan 15.01.2013. Dei ber samstundes om å få ei orientering om det er satt i verk tiltak for å utdanne fleire barne- og ungdomspsykiatrar i regionen. Helse Vest har i brev av 10.01.2013 opplyst om ei positiv utvikling innan ventetider og fristbrot innan psykisk helsevern for barn og unge. I tillegg har Helse Vest gjort greie for bemanningssituasjonen for spesialistar innan barne- og ungdomspsykiatri i regionen. Utfordringane i forhold til rekruttering er størst i Helse Fonna.		
Helse Vest RHF	"Sørgje for-ansvaret" - Tilsynsmessig oppfølging av operasjonskapasiteten ved Haukeland Universitetssjukehus, Helse Bergen HF	Brev av 07.09.2012	Det ligg ikkje føre rapport.		Med bakgrunn i oppslag i media, og med erfaring frå tidlegare tilsyn, opplyser Fylkeslegen at dei er orientert om at operasjonskapasiteten er knapp både når det gjelder operasjonsstover og operasjonssjukepleiarar. Fylkeslegen meiner Helse Vest RHF må bidra saman med Helse Bergen på ein slik måte at innbyggjarane får eit nødvendig og forsvarleg tilbod innan både ortopedi og annan kirurgi. Svarfrist 01.10.2012. Helse Vest har svart Fylkesmannen i brev av 28.09.2012. I brev av 25.10.12 ber Fylkesmannen Helse Vest RHF om meir utfyllande opplysingar om kor mange pasientar som må vente lengre enn ønskeleg, og kor lenge dei må vente på behandling. I tillegg ber Fylkesmannen om å bli informert dersom behandlingsfristar ikkje kan haldast og kva for pasientar dette eventuelt gjeld. Helse Vest har svart Helsetilsynet i brev av 26.11.2012.		

Namn på helseføretak	Område for tilsynet	Dato for tilsynsrapport	Har rapporten dokumentert avvik?	Frist for lukking av avvik	Status i saka	Sak avslutta dato	Eventuelle kommentarar
Helse Førde HF	Tilhøva ved Ungdomsavdeling for psykisk helsevern (UPH) i Helse Førde		Ja, drifta ved UPH støttar ikkje kravet til forsvarleg verksemd som følgjer av spesialisthelsetenestelova § 2-2.		Saka starta i 2009 då ein overlege kontakta HT og lurte på om drifta ved UPH var forsvarleg. HT konkluderte med at drifta ikkje var forsvarleg etter spesialisthelsetenestelova § 2-2. Saka blei lyfta til RHF-et, som etter § 2-1 a i same lova har plikt til å sørgje for helsetenester til befolkninga i regionen. Det har vore både møte og dialog i brev form mellom HT og HF/RHF i saka for å sikre forsvarleg drift. Det er no sett i verk eit utviklingsprosjekt for å sikre rett bruk av ressursar, personale og økonomi i BUP. 20.08.2012 starta ein barnepsykiater i 100 % stilling. I tillegg starta ein overlege i 50 % stilling.		Helsetilsynet ber om å bli orientert om resultatet av utviklingsprosjektet innan 1. september 2012. Helse Vest har svart Helsetilsynet i brev 31.08.2012.
Helse Førde HF	Ambulansetenesta	06.06.2012	Gjenoppretta tilsynssak. Ambulanseavdelinga i Sogndal har ikkje garasje til bilane.		Ambulansesjef har svart Helsetilsynet i brev av 17.07.2012.		
Helse Førde HF	Ambulansetenesta i Aurland	08.10.2012	Tilsynssak om ambulansetilbodet/ bemanning i Aurland vart avslutta i brev av 15.03.12. Fylkesmannen ba om å få tilsendt ROS-analyse innan 6 mnd. Fylkesmannen var ikkje nøgd med svaret og har bedt om ei oversikt over samstundeskonflikter i indre Sogn.	06.11.2012	Ambulansetenesta har svart Fylkesmannen i brev av 06.11.2012.		
Helse Førde HF	Medisinsk seksjon ved Nordfjord sjukehus	Første førespurnad 09.09.2011	Helse Førde meldte fra til Fylkesmannen om skriftleg avvik på svikt i praktisering av prioritering knytt tilvisingar innan hjartesyke og indremedisinske mage-tarmsjukdomar ved medisinsk seksjon ved Nordfjord sjukehus 02.09.11.	19.10.2012. Utsett frist til 15.11.12	Helse Førde vart beden om utgreiing i saka, og basert på denne, vart det vurdert at ikkje alle pasientar har blitt forsvarleg vurdert og fått rett til nødvendig helsehjelp i samsvar med lovkrava. Fylkesmannen bad om orientering og kontroll med praksis i samsvar med regelverket innan 01.06.12. I siste korrespondanse etterlysa Fylkesmannen dokumentasjon på eigenkontroll og eiga evaluering av at nye rutinar og praksis fungerer etter føremålet. Avvika er lukka og Fylkesmannen har avslutta saka i brev av 20.11.2012.	20.11.2012	

Namn på helseføretak	Område for tilsynet	Dato for tilsynsrapport	Har rapporten dokumentert avvik?	Frist for lukking av avvik	Status i saka	Sak avslutta dato	Eventuelle kommentarar
Helse Fonna HF	Klinikk for psykisk helsevern, barne og ungdomspsykiatrien BUP Stord	I brev frå Helsetilsynet 25.03.11 ber tilsynet om ein konkret og tidfesta plan for kva som blir gjort for å sikre at tenestene i barne- og ungdomspsykiatrien er forsvarlege, og at barn og unge får behandling innan dei individuelt fastsette fristane.		06.03.2012	Utstrekt korrespondanse og kontakt mellom Helsetilsynet og Helse Fonna. Fleire tiltak er sette i verk. Helse Fonna har hatt ei kraftig forbedring når det gjeld ventetider og fristbrot, men situasjonen er framleis alvorleg (Jf. styresak 059/12 B) Fylkesmannen ber om statusmelding kvar måned. Statusmeldinga for september måned blei sendt 03.10.12. I brev av 23.10.12 ber Fylkesmannen Helse Fonna gjere greie for korleis føretaket skal nå målet om null fristbrot innan årsskiftet. Helse Fonna har sendt statusrapport for oktober med svar til Fylkesmannen i brev av 01.11.12. Statusmelding for november er sendt til Fylkesmannen 03.12.2012.		Styret i Helse Fonna blir orientert fortløpande.
Helse Fonna HF	Tilsyn med handtering av humant beinmateriale ved Helse Fonna HF	06.12.2012	Tilsynet avdekket 3 avvik: 1) Helse Fonna kan ikkje dokumentera at føretaket har vurdert om donor av beinvev er vurdert som eigna. Føretaket har ikkje sørga for å innhente skriftleg, informert samtykke ved donasjon av beinvev. 2) Føretaket overheld ikkje krava til kontroll og dokumentasjon av temperaturen ved lagring av beinvev. 3) Helse Fonna har ikkje etablert rutinar for sporing til produkt og materiale som kjem i kontakt med beinvev.	01.02.2013	Helse Fonna har frist til 01.02.2013 for å sende inn følgjande dokumentasjon: - plan for korrigerande tiltak for dei tre avvika - plan som visar korleis leiinga ved Helse Fonna HF skal følgje opp og evaluera tiltaka.		
Helse Fonna HF	Tilsyn ved blodbanken	14.12.2012	Nei		Tilsynet er avslutta	14.12.2012	
Helse Bergen	Beinbanken/ OT, KiH, Brannskadeavsnittet og Nevrokirurgisk avd. Handtering av bein, seneveve, kraniebein, hudceller og hudvev.	03.10.2012	Tilsynet har avdekket 3 avvik: 1. Testing, utvelgjing og vurdering av dodnorer. 2. Oppbevaring av vevspreparater 3. Sporing til produkt og materiale som kjem i kontakt med vevsprøver.	01.12.2012	Helse Bergen har sendt tiltaksplan for lukking av avvik i brev av 27.11.12. Dei fleste avvika er lukka. Supplerande dokumentasjon må sendast til helsetilsynet innan 15.01.2013, før tilsynet kan avsluttast.		

Namn på helseføretak	Område for tilsynet	Dato for tilsynsrapport	Har rapporten dokumentert avvik?	Frist for lukking av avvik	Status i saka	Sak avslutta dato	Eventuelle kommentarar
Helse Stavanger HF	Oppfølging av bekymringsmelding frå ansatte i Akuttmottaket.		Nei, men Fylkesmannen har bedt om ytterlegare opplysinger.		Saka er gjenåpna.		10.11.2011 sendte Helse Stavanger ei risikovurdering til helsetilsynet. Helsetilsynet avslutta tilsynet 20.12.2011. I brev av 16.04.2012 spurde Fylkesmannen føretaket om nye opplysingar. Desse ble gitt ved brev datert 02.05.2012 og 02.07.2012. Føretaket mottok ytterlegare et brev frå Fylkesmannen 12.09.2012. Frist for tilsvar er satt til 17.11.2012. Helse Stavanger har svart Fylkesmannen innan fristen. Fylkesmannen har varslet stedlig tilsyn.
Helse Stavanger HF	Tilsyn med handtering av beinvev	06.12.2012	Tilsynet har avdekket 2 avvik: 1. Føretaket sørgjer ikkje for at kriteriane for testing og utvelgjing av donor for beinvev blir oppfylt. 2. Krava til lagring av beinvev overhaldast ikkje.	01.02.2013	Føretaket arbeidar med tiltak for lukking av avvika.		
Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesjukehus	Tilsyn med prioritering av søknadar og oppfølging av pasientar etter igangsett behandling i august 2011	29.09.11 (utkast til rapport)	Eitt avvik: HSR sikrar ikkje at alle revmatologiske pasientar ved HRS får forsvarleg kontroll og oppfølging ved poliklinikken.		I brev av 27.07.2012 ber tilsynsmyndigheita om å få ei ny oversikt over ventelistesituasjonen etter at alle legestillingane har starta opp, før tilsynet blir avslutta. Fristen er sett til utgangen av juni 2013. I tillegg ber Fylkesmannen om ytterlegare informasjon om korleis pasientane blir sikra eit forsvarleg tilbod i ventetida, med frist 01.10.2012. Revmatismesjukehuset svarte Fylkesmannen i brev av 01.10.12. I brev av 19.10.12 svarar Fylkesmannen at sjukehuset har fulgt opp tilsynet på ein god måte. Samstundes ønskjer Fylkesmannen fortsatt ei oversikt over ventelistesituasjonen innan juni 2013, før tilsynet blir avslutta.		